

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8205-36

Medeigarskap i Sørvest Ferge AS

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gi slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget løyver kr 1,056 mill. kr til kjøp av aksjekapital i Sørvest Ferge AS.
2. Løyvinga føreset at kapitalutvidinga vert på minimum 2,112 mill. kr.

Vedlegg:

1. Medeigarskap i Sørvest Ferge AS – invitasjon frå Hordaland fylkeskommune
2. Notat frå Wikborg Rein advokatfirma AS

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått invitasjon til å delta i kapitalutviding i selskapet Sørvest Ferge AS. Fylkesrådmannen vil i sak gjere greie for grunnlaget for at Sørvest Ferge AS er stifta.

Dei fem fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Aust- og Vest-Agder er eigar av Sørvest bomvegselskap AS. Selskapet er etablert som eit regionalt bompengeselskap for Sør og Vestlandet, jf. FT-sak 15/16.

I prosessen med etablering av eit operativt regionalt bompengeselskap, vedtok Sørvest bomvegselskap AS, å kjøpe BT Signaal AS. BT Signaal AS har vore eit driftselskap hovudsakleg for bompengeneinnkrevjing, men selskapet omfattar og driftsløysingar knytt til mellom anna AutoPASS på ferje.

Føremålet med kjøpet av BT Signaal AS var å etablere eit fungerande driftskonsept for det nye regionale bompengeselskapet. I arbeidet med å etablere dette driftskonseptet viser det seg at Samferdsledepartementet stiller krav om at bompengeselskapet ikkje skal kunne drive anna verksemd enn bompengeneinnkrevjing. Det har difor vore naudsynt å etablere eit eige selskap som tek seg av forretningsområdet knytt til AutoPASS-ferje. Dette aksjeselskapet har fått namnet Sørvest Ferge AS.

Invitasjon til å delta i kapitalutviding i Sørvest Ferge AS

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune (HFK) vedtok i sak 179/17 å løyve 1 mill. til kjøp av aksjar i Sørvest Ferge AS. I samband med selskapsetableringa har HFK totalt investert 1,056 mill. kr i selskapet. HFK eig per i dag heile selskapet Sørvest Ferge AS, og har sendt invitasjonen til kapitalutviding, jf. vedlegg 1. Det er ønskjeleg med eit snarleg svar på om vi ynskjer å delta i kapitalutvidinga.

HFK varslar i invitasjonen at det no er behov for å utvide aksjekapitalen med minimum 4 mill. kr, då det er behov for å styrke eigenkapitalen i selskapet. Selskapet treng eigenkapital for å vere

rusta til å kunne handtere ei stor kontrakt som sentral tenesteleverandør for AutoPASS på ferje. Kapitalutvidinga vil og vere aktuell for å vere rusta til å konkurrere om andre kontraktar framover.

Vidare vert det opplyst at Sørvest Ferje AS i dag har ein aktivitet som forventar å gi overskot, og at dette er eit selskap som har potensiale til å auke i verdi.

Det er vidare lagt opp til at Sørvest Ferje AS og BT Signaal AS (resten av selskapet) skal slåast saman ved fusjon før årsskiftet 2017/2018. Hordaland fylkeskommune, og ev. dei 4 andre fylkeskommunane, står då igjen med direkte eigarskap i BT Signaal AS. I vedlegg 2 ligg det eit notat frå Wikborg Rein advokatfirma AS, «Nye aksjonærar og oppkapitalisering». Notatet skisserer den nye eigarstrukturen etter kapitalutvidinga.

Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vore førande i prosessen med etablering av det regionale bompengeselskapet. Fylkesrådmannen vurderer det slik at stiftinga av Sørvest Ferje AS er ein naudsynt konsekvens for å tilfredstille Samferdsledepartementet sine krav til eit regionalt bompengeselskap.

Fylkesrådmannen meiner at alle fylkeskommunane i det regionale bompengeselskapet bør ta sin del av ansvaret, slik at selskapet Sørvest Ferje AS får ein naudsynt eigenkapital.

Etter fylkesrådmannen si vurdering har dette selskapet potensiale til å utvikle seg vidare framover, og utvikling av AutoPASS-ferje vil kome innbyggjarane i eit ferjefylke som Sogn og Fjordane til nytte.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til invitasjonen og løyver 1,056 mill. kr til kjøp av aksjar i Sørvest Ferje AS. Løyvinga føreset at kapitalutvidinga vert på minimum 2,112 mill. kr, dvs. at ikkje berre er Sogn og Fjordane er positive til utvidinga. Konsekvensane i budsjettet for 2017 er innarbeidd i saka om «Endringar i budsjettet for 2017» som går parallelt med denne saka.